

09.12.2009

Spennande skulemusikk-prosjekt i januar...



Frå formansjonsoppvisningaa under avslutningsshownet i Askøy Forum

Sist vinterferie hadde Sindre Aksnes og Vegard Døssland ei av sine store musikkopplevelingar. Dei deltok då på Hot'n Funky med afrikansk musikk og 5 sør-afrikanske instruktørar på Askøy.

No er det å håpa at alle medlemmene i skulemusikken skal få liknande opplevelingar. Siste helga i januar skal dei nemleg delta på eit liknande opplegg på Stord, om enn i litt mindre format.



Elisabeth N. Fylkesnes og Marius L. Torjusen står fremst i marimbaorkesteret.

Hot'n Funky vart arrangert for første gang i vinterferien i år, og det vart ein kjempesuksess. Dette gav stor dekning gjennom fleire sendingar på sjølvvaste NRK fjernsynet. Den afrikanske musikken slo godt an blant musikarane, og prosjektet vart avslutta med eit forrykande show med afrikansk musikk, dans og bevegelse i Askøy Forum.

Hot'n Funky er ein del av utvekslingsprogrammet Bands Crossing Borders, og to av deltakarane på Askøy vart valt ut til reisa til Sør-Afrika. Ei av desse var Elisabeth N. Fylkesnes frå Langeland skulekorps på Stord. Ho har

etter det vore to turar til Sør-Afrika og spela med korps der.

Neste steg er no at Langeland skulekorps skal arrangera eit "Hot'n Funky" i mindre format på Stord helga 29.-31. januar. Dei har gjort avtale med dei sør-afrikanske instruktørane som er her i landet på utveksling dette året. Uskedal skulemusikk og Rosendal skulekorps er så heldige at dei er invitert til å delta på dette spennande opplegget saman med Langeland skulekorps. Dette er verkeleg noko å gle seg til for dei unge musikantane!! Ikkje mange er så heldige og får eit slikt tilbod!!

Det bør og bli mange som reiser og får med seg avslutningskonserten/showet søndags ettermiddagen. Det vert heilt sikkert ein publikumsgodbit!

Av Thor Inge Døssland